

Foresår felles kyrkjekontor i Uskedalen

19.02.2015



Soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen legg fram årsmeldinga for ifor i kyrkja sist sundag,

Soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen kjem no med forslag om å etablera eit felles kyrkjekontor for heile Kvinnherad i Uskedalen. Ho peikar på bygdas sentrale plassering og gode kommunikasjonar og på planane til Kvinnherad Vekstbedrift som lenge har stått i stampe.

Etablering av kyrkjekontoret der kan bidra til å setta fart i dette prosjektet, meiner **Møyfrid Kristoffersen**. Stenginga av tenestesenteret på Husnes nyleg har gjort situasjonen prekær også for kyrkjekontoret og kyrkjeverje Erlingur Nielsson slår fast at situasjonen har gjort flytting aktuell.

Nielsson seier til Kvinnheringen at ein med eit felles kyrkjekontor vil få ein fagleg styrke og samla alle dei som jobbar i kyrkja. Fellesrådet vurderar no ulike alternativ, mellom anna å byggja eit nytt lokale ved Valen kyrkje. Det vil imidlertid vera usentralt samanlikna med Uskedalen, påpeikar andre.

No er kyrkja i Kvinnherad spreidd, med kontor på Husnes og kontor både i Rosendal sentrum og i Rådhuset. Nielsson strekar under at kyrkja ynskjer å vera meir tilgjengeleg for folk, også gjennom utvida opningstid. No er resepsjonen på Husnes stengd og dei som vil treffa nokon der må gjera avtale.

- Situasjonen er idag heilt uhaldbar - det er ingen mogelegheit for direkte besøk på kontoret for den største del av befolkningen i kommunen og det hastar med ei avklaring, seier Møyfrid Kristoffersen. Ho minnar om at Uskedalen er ein sentral stad i høve til heile Kvinnherad

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen